

Sjøtroll ynskjer sterk utviding

13.12.2013

Sjøtroll Havbruk utanfor Skorpo ynskjer å utvida anlegget sitt sterkt, nærare bestemt frå 3120 til 5460 tonn. Søknaden gjeld også utviding frå 6 til 12 ringar med omkrins på 157 meter.

I 2010 søkte Sjøtroll om utviding til 4680 tonn og då vart det gjort ei vurdering om konsekvensutgreiing men fylkeskommunen fant ikkje grunnlag for pålegg om dette. Det er heller ikkje kome nye opplysningar som tilseier ny førespurnad om slik utgreiing.

Sjøtroll har tinga ny straummåling som supplerer av den gamle og målinga settast i sjøen i desse dagar. Ei måling ifjor viste at den gjennomsnittlege straumen i all hovudsak rann i sørvestleg retning.

No ber fylkeskommunen om at kommunen vurderer søknaden og legg han ut til offentleg ettersyn i 4 veker. Eventuelle merknader frå ettersynet og kommunens uttale skal sendast fylkeskommunen snarast råd og innan 3 månadar.

Av Ola Matti Mathisen